



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for oktober 2008.

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Årgang 44

<http://www.hareid.rotary.no>



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Johan Ole Brandal
Visepres: Oddvar Haugen
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Åge Nytun
Styremedlem: Magnar Hatløy
Styremedlem: Vigdis Riise
Ansv.red.: Jostein Strand
Referent: Hallkjell Dahle

Fødselsdagar i Oktober.

Sigbjørn Haddal	3. Okt
Wenche Holstad Jøssok	6. Okt.
Karl Johan Brandal	16. Okt
Trygve Riise	31. Okt.

Frammøteprosent i oktober: 67,6 %

Oktobervers.

Her hvirvles i de gustne Blade
isønderrevet spredt afsted
det hele skjønne Digt, den glade
Skjærsommer fantaserte ned.
Det akkurat den Sværmer gik
som mig: han fik, han fik -- Kritik.

OKTOBER 2008 - MÅNADSBREV

Møte 6.oktober

Denne dagen var det klart for den tradisjonelle **skaldyraften på røykeriet i Brandal**.

Innleiingsvis hadde Arne Lillebø ei kort orientering om huset.

Det var bestefar til Arne, Anders Lillebø, som bygde det ca.1911. Det var opprinnelig brukt som ei vanleg sjøbud som tente som lagerplass for reiskap og utstyr til ishavsskuter og fiskebåtar. Ca 1930 då tidene var så dårlege at han ikkje klarte å holde på skuta lenger, vart det bygd til røykomnar på sjøhuset. Anders røykte her både, makrell, sild og laks og kalla det "Lillebøs Røgeri". I 1932 gjekk ein skipslast med røykt fisk til Grekenland. Betalingsvilkåra vart ikkje oppfylde, - lasten vart aldri betalt og røykeriverksemda måtte avsluttast. Under krigen vart der imidlertid atter røykeri-verksemd i bygget.

I 1954 starta Albert Lillebø produksjon av plastprodukt (i kjellaren heime) og tok fire år seinare også ibruk glasfiber og polyester som råmateriale.. I perioden 1960-70 hadde plastbedrifta, som hadde fått namnet Libra-Plast (Lillebø Brandal) tilhald i Røykeriet, eit namn som har fulgt bygget seinare. Libra flytta til nybygg på Hareid i 1970, men røykeriet har vorte halde vedlike av familien og brukt til ulike formål i dei etterfylgjande år.

Festkomiteen hadde diska opp eit grande måltid av krabbe, reker, loff, mineralvatn og lettøl.

Spesielle gjestar denne gongen var to damer frå Australia. Den eine, Lue (Louise) Davy var ei av vertsmødrene til vår utvekslingsstudent, Ingrid Holstad, då ho var i Australia,- og den andre dama, Sue, var søskenbarn til Lue. Dei to var på Europatur saman og Hareid var siste stopp på rundturen deira. President Johan Ole heldt ein kort tale for gjestane der han m.a. takka for den gjestfriheit og det gode stell Ingrid hadde fått i Australia. Gjestane på si side ga uttrykk for å vere veldig glade for å få vere med på dette Rotarymøtet på røykeriet. Dei let vel over både mat og drikke og ikkje minst det (for dei) spektakulære miljøet og rama rundt arrangementet. Avslutningsvis fekk vertsmora overrekt ein Hareid Rotary vimpel.

Dei følgjande dagane vart damene tatt med på omvisning i området rundt oss. Først tok Otto Holstad dei med til Kvitneset og Ishavsmuseet og avslutta dagen med middag heime hos Alfild og Otto.

Neste dag var Karin og Ingar Holstad vertar for ein dagstur til Trollveggen, Trollstigen, Valldal, Geiranger, Hellesylt, Norangs-dalen, Øye, Sæbø, Ørsta og "i mål" på Hareid.

Damene hadde visst det eine "hakeslepp" etter det andre over alt dei fekk sjå og oppleve av norsk natur denne dagen.

Møte 13. oktober

Bedriftsbesøk hos ODIM ASA, Hjørungavåg,- saman med Ulstein Rotary klubb.

Kommunikasjonsdirektør Øyvind M.Olsen ønskte alle frammøtte frå Rotaryklubbane i Hareid og Ulstein velkomne til Odim sitt nye og flotte administrasjonsbygg i Hjørungavåg.

Han innleia med å understreke at ***Odin er ei kunnskapsbedrift,- og eit teknologiselskap.*** Deretter viste han ein presentasjon på 66 foilar/plansjer (ca. 50 min.) som først var ei generell orientering om verksemda og så gjennomgang av marknadsområder, framtidsutsikter/ fokus-områder mm,- samt ei spørsmålrunde til slutt. Her fylgjer eit veldig kort samandrag:

Odim er ei internasjonal gruppe av bedrifter som utviklar og sel m.a. automatiserte handteringssystem,- hovudsakleg kabelhandtering-system og vinsjer for bruk på offshore- og marinefarty. Odimgruppa er i sterk ekspansjon og har idag ein leiande posisjon som leverandør innanfor utvalde marknads-nisjer:

* **Offshore service skip** (seismikk, oceanografi, offshore supply). Dette har vore hovud-aktiviteten frå 1974. Omsetnad 2007: 1.056,6 millionar kroner.

* **Marine og kraftproduksjon** (m.a.utvikling og implementering av automatiserte handteringssystem også for helikopter samt vedlikehald og oppgradering av atomreaktorar mm.). Denne del av verksemda er samla under Odim Inc. som leiar konsernet sine operasjonar i Nord-Amerika. Omsetnad 2007: 109,4 millionar kroner.

* **Undervassoperasjonar og installasjonar på djupt vatn** (brønnintervensjon og boring). Dette er Odim sine viktigaste segment for vidare satsing mot den svært lovande djupvass-marknaden. Omsetnad 2007: 250,8 millionar kroner.

Odim satsar altså tungt på ein jamt veksande "deep sea"-marknad. Selskapet har der eit unikt utgangspunkt gjennom sin patenterte Odim CTCU-teknologi,- dvs fibertau som har styrke som kan samanliknast med stålwire, men er mykje lettare i vekt og derfor kan operere på langt større djup (med same vinsjekapasitet).

Odim er tilstades over store deler av verda. Verksemda har eigne dotterbedrifter eller agentur/representasjon i fleire land i Europa, men også i Nord- og Sør Amerika og Sør-aust Asia,.

Etterkvart som omsetnad og leveringsomfang av Odim-utstyr aukar, veks det også fram ein stadig meir betydeleg ettermarknad for service og vedlikehald på tidlegare leverte produkt. Dette omfattar sal av reservedeler, oppgradering av utstyr mm. Det gjeld med andre ord utvikling av eit globalt sals- og service nettverk som er operativt 24 timar i døgnet.

Verksemda ser mange framtidige utfordringer,- men også muligheiter. Det er venta betydeleg økonomisk vekst i fleire geografiske områder,- ikkje minst i Asia og Brasil,- og Odim vil vere der...

Odim-gruppa har idag totalt ca 700 tilsette i inn- og utland. 470-480 jobbar i Norge og av desse er ca. 370 knytte til hovudkontoret i Hjørungavåg.

Møtet vart avslutta med omvisning i det funksjonelle og stilige administrasjonsbygget som med sine tre fløyer i stjerneform vert kalla "blekkspruten".

Møte 20. oktober:

Etter opningssongen "Vi vandrar med freidig mot", las presidenten diktet "Eg helsar deg haust" av Henrik Straumsheim. Sjå siste side (baksida).

Kveldens program var ved **Einar Grimstad**, - presentasjon av personen og verksemda.hans.

Einar var fødd i 1958 og vaks opp i Ulsteinvik, son til Magne Grimstad frå Ivergarden på Grimstad. Han gjekk Lærarskulen med musikk og kristendom som hovudfag. Han jobba 13 år i skulen, både i grunnskulen og i folkehøgskulen. Seinare jobba han 6 år på Jets på Hareid. Dette var ein god arbeidsplass, - men Einar hadde lyst til å skape noko sjølv,- gjere noko som var hans eige.

Ettersom han ynskte å skape produkt knytt til tekst og bilder, etablerte han **Spor Forlag** i desember 2005. Første tilsette var Harald Dalbakken. Firmaet fekk tilhald i bygget til gamle Ulstein Hospits/hotell (eller "mammå" som det også vart kalla...) saman med broren, Magne, sitt firma: Ulstein IT senter. Desse to bedriftene har mykje samarbeid og dei to brørne er styreleiarar i kvarandre sine firma.

Andre produkt i tillegg til bøker er kryssord og rebusar, brosjyrer, gravferdshefte m/bilde(r), ansvar for kinoreklamen på Ulstein Kino, ulike oppdrag for bl.a. Rolls Royce og Island Offshore, samt journalistisk arbeid og undervisning.

Spor forlag er eit kreativt selskap der nye idear ynglar. Dei lagar kryssord fast til m.a. Dag og Tid, Regionavisa og Fjord 1 magasinet. Å lage kryssord kan virke noko puslete, men det blir nokre hundretusen i omsetning av det.

Når det gjeld bøker treng firmaet ca 2,5 mill. kroner i omsetning for å få drifta til å gå ihop Bøkene dreier seg om lokall historie, livsspor (=> Spor forlag skal leite etter spor), rebusar/konkurransar og andre bøker til nytte og glede.

Forlaget har hittil gitt ut 20 bøker. Den første heitte "50 bordkonkurransar". Av dei andre bøkene kan nemnast Tsunami i kroppen om Wenche Løset,- 39-åringen som brått vart lam og "satt ut", Min kropp mitt fengsel,- boka om Molde-dama med ei kroppsvekt på 150 kg som etter endring av livsstil kom ned i normal vekt og fekk eit nytt liv. I tillegg finn vi m.a. Levd Liv som er Ulstein Historielag sitt årsskrift og bøkene Bilen og folket, Glimt frå Vikebladet sine tidlege år, Ulsteinvik i bilder og Høgdepunkt frå Naturtelefonen (NRK M&R programmet til May Britt Haukås).

Møte 27.oktober

Programfritt møte på vanleg stad.

1) Presidenten minte om at **Røyrafesten** nærmar seg (17/11),- og at alle involverte måtte starte planlegging og førebuing av sine oppgåver (frå fisking og sløyning til oppdekking, koking/ steiking, fyring og opprydding osv,- og i verste fall snømåking...).

2) Prsidenten refererte også vedlagde skiv om **GSE – Group Study Exchange** frå **Eva Sørung, GSE- Distriktskoordinator**:

”Group Study Exchange er et utvekslingsprogram mellom Rotarydistrikter. Det sendes ut team som består av yrkesaktive mennesker av begge kjønn. En erfaren rotarianer er alltid med som teamleder. I regi av Rotarydistriktet velges det ut en gruppe på fire deltagere. Disse får et 4 ukers studieopphold i et annet land, gjerne på et annet kontinent. Deltagerne reiser rundt og bor stort sett privat. Rotary dekker teamets utgifter med unntak av lommepenger. Årlig gjennomføres det omtrent 500 slike utvekslinger. Flere tusen yrkesaktive gis denne unike sjansen til å møte en annen kultur og vende tilbake med verdifulle faglige erfaringer

Det blir lagt opp et program hvor yrkesstudiet står i sentrum, men med stor frihet til å søke også andre impulser som kan gi faglig og menneskelig utbytte

- Kun ikke-rotaryanere kan delta i en GSE utveksling. Man kan heller ikke være i nær slekt med en rotarianer.
- Alder skal være mellom 25 og 40 år.
- Det er krav om yrkesutdannelse og to års praksis.
- Kandidatene forutsettes å være gode ambassadører for sitt land og sitt yrke, ha en sosial innstilling og være interessert i å lære.
- Distrikter som sender ut et team får gjenbesøk for en tilsvarende periode.

Jeg vil oppfordre dere alle til å tenke igjennom hvem dere selv kan tenke å tilby denne fantastiske muligheten til samt hvor dere kan bekjentgjøre dette til alle som er uvitende om at dette unike tilbudet finnes. For å få flere deltager vil vi foreslå at oppholdet blir på kun 3 uker med avreise rundt 4.mai 2009.Deltagerne må være mellom 25-40 år og kan IKKE være i nær slekt med en rotaryaner”

A recent survey shows that 20 percent of Rotary clubs have Group Study Exchange alumni (dvs. tidlegare studentar/deltakarar) among their membership. GSE continues to be an excellent vehicle for attracting qualified, young professionals who are dedicated to the humanitarian mission of Rotary.

Utvekslingsstudent til Hareid Rotary Klubb.

Presentasjonspapira til utvekslingsstudenten som kjem til Hareid neste år, har sirkulert blant medlemmane på Rotary-møter i oktober månad.

Studenten heiter **Patrick Jenkinson**, han er 18 år og kjem frå byen Newcastle som ligg på austkysten av New South Wales,- eit stykke nord for Sidney i Australia. Første vertsfamilie blir Karin og Ingar Holstad.



Foto: Arnfinn Blindheim

Eg helsar deg haust
av Henrik Straumsheim

Eg helsar deg, haust,
du ærlege haust,
du lovar meg aldri det slag.
Broren din, våren,
han lovar så raust,
han lovar kvar einaste dag,
men lovnaden gløymer han
ofte så fort,
han held ikkje meir enn han vil,
og var det eit vonbrot
han ikkje fekk gjort,
så hjelpte nok sommaren til.

Eg helsar deg, haust,
du hardhendte haust,
du lovar meg aldri det slag,
men open og ærleg
og trugen og traust
det er du frå dag og til dag.
Du seier som sant er,
og slår ikkje av:
Eg stormar, eg ruskar, eg riv,
eg møter med kulde,
med død og med grav,
det fallande, folnande liv.

Eg helsar deg, haust,
av heile mi sjel,
eg helsar deg, herlege haust.
Du lovar meg inkje,
men kjem likevel
med gåver så rikt og så raust,
ja, ofte kom *du*
med ein soldag attpå,
som ikkje var venta eingong,
og lia var gullgul,
og fjella var blå,
og livet var solskin og song.

Eg helsar deg, haust,
du herlege haust,
og takkar for alt som du gav,
for stormen frå nordvest
og græla frå aust
og båra som braut over hav,
for sola som lyste
så lognt over land
når bya frå nord spakna av,
for livet som loga
i bål og i brann
den stunda det seig i si grav.